



NVE Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Vår dato:

11.04.2019

Vår ref:

2019/1944

Dykkar dato:

15.02.2019

Dykkar ref:

Kontakt saksbehandlar

Annette Fosså, 51 56 89 20

## Uttale - Høyring av søknad om regulering av Vikastølvatnet, Suldal kommune

Vi viser til brev av 15.02.19, der NVE sender søknad om å regulere Vikastølvatnet i Suldal kommune på høyring.

### Bakgrunn

Bekk og Strøm AS fekk vassdragskonsesjon 3. september 2014 til å bygge Borgåna kraftverk. Kraftverket har vore i drift sidan 2017, og har sitt inntak ved utlaupet av Vikastølsvatnet. Bekk og Strøm AS har no søkt om løyve til å regulere Vikastølsvatnet med 1 meter, mellom kote 252 og 253. Vasstanden skal soleis hevast med 0,4 meter og senkast 0,6 meter. Reguleringa vil gi ein auka produksjon på 0,71 GWh, som utgjer straumbehovet til 35 husstandar. Av fysiske inngrep inneber tiltaket ei senking av utlaupselva med 1 meter ved å danne ein kanal. Vidare skal flaumlaupet i eksisterande dam hevast med 1 meter. Det er ikkje naudsynt med nye vegar eller utbetring av straumnettet. Minstevassføringskravet til elva nedstraums inntaksdammen vil vere uendra og i tråd med gjelande konsesjon.

### Fylkesmannen si vurdering

Vikastølvatnet er registrert som naturtypen *klar kalkfattig innsjø* som er kategorisert som sårbar (VU) i norsk raudliste for naturtypar frå 2011. Denne naturtypen er ikkje vurdert i Norsk raudliste for naturtypar frå 2018, då kriteriesetta for limniske system for kartlegging etter NiN-systemet enda ikkje er klart. Naturtypen etter handbok 13 må etter vår vurdering difor gjer seg gjeldande. Ved ei regulering vil vatnet miste sin verdi som raudlista naturtype. Ny damkrone vil bli heva med 1 meter og få ei auka lengde på 35 meter mot dagens 17,2. Innretninga vil bli eit mykje større inngrep enn eksisterande, og vil vere eit større sår i terrenget. Både sjølve inngrepet i utlaupet og reguleringssona vil vere synleg for folk som ferdast i området, jamfør beskrivinga av friluftsinteresser på side 23 i søknad. Saman med ei vurdering av samla belasting vasskraftutbygginga i fylket har hatt å seie for den raudlista naturtypen *klar kalkfattig innsjø*, må den allmenne friluftsinteressa i området tilleggast vekt i NVE si vidare vurdering av saka.



Ecofact sin rapport om verknader for naturmangfald som følgje av regulering av Vikastølvatnet<sup>1</sup> viser til ei god kartlegging av kryptogamar i influensområdet. Søknaden og vedlagt rapport om biologisk mangfald viser til at det blei satt ut aure i vatnet først i 2015 og at vatnet har vært fisketomt i forkant av denne utsettinga. I artskart står det derimot at Norsk institutt for naturforskning fann aure i Vikastølvatnet i 1993. Dersom dette stemmer, har vatnet si verdi for fisk etter Fylkesmannen si vurdering blitt for lite vektlagt i vurderinga til Ecofact. Dei viser til at ei regulering vil føre til redusert oppvekstareal og fødetilgang for fisken, men omfanget av dette er det ikkje gått nærmere inn på. For å senke utlaupet av vatnet, er det vist til at det skal sprengast. Naturmangfaldrapporten går ikkje inn på moglege effektar av sprenging på fisk. Botndyrsamfunnet i vatnet er heller ikkje kartlagt. Som ein konsekvens av oppdemming av delar av myrområda rundt vatnet, nemner rapporten redusert hekkesuksess for våtmarksfugl som eit mogleg utfall. Insekt- og edderkoppsamfunnet knytt til myrområde rundt vatnet er derimot ikkje undersøkt. Samla sett kan effektane av omsøkt regulering på naturmangfaldet i og rundt vatnet difor vere større enn rapporten frå Ecofact tilseier.

Uvlaupskanalen vil ifølgje søknaden måtte endrast vesentleg, med senking og utjamning med betong i botnen. Det er ikkje belyst om denne delen av vassdraget har ein viktig funksjon i dag.

I samband med førre konsesjonssak blei det mellom anna registrert ei bekkekløft i Borgåna nedstraums Vikastølvatnet. Dagens søknad viser til at ei regulering vil føre til ei redusering av dei store flaumvassføringane i Borgåna. Det er ikkje belyst om dette vil ha effektar for naturverdiane nedstraums i åna.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernssjef

Annette Fosså  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Suldal kommune                  Eidsvegen 7    4230 Sand  
Rogaland fylkeskommune Postboks 130    4001 Stavanger

---

<sup>1</sup> Appelgren, L. 2016. Regulering av Vikastølvatnet, Suldal kommune – Virkninger for naturmangfold. Ecofact rapport 561.